

Målet er 100 medlemmer

21.03.2013

Eit av handlingsmåla til Uskedal utvikling dette året er å auka medlemstalet til minst 100. Medlemsvervinga tek til i desse dagar. Innbetalingsblankettar vert sende ut og lagde i postkassane. Årspengane er kr. 250 uansett medlemstype.



Uskedal utvikling er ein frivillig medlemsorganisasjon med eige organisasjonsnummer registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund. Lag, organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar kan vera medlemmer.

Med 100 medlemmer kan Uskedal utvikling regna seg ei driftsinntekt på kr. 25 000. Dette kjem vel med i arbeidet med bygdeutvikling og i arbeidet med å renovera og halda vedlike Gamleskulen.

Kom og ver med i Uskedal utvikling. Du vert invitert til interessante møte og samlingar og du har fulle rettar på årsmøte. Om du heller eller i tillegg vil gje ei gåve, er det høve for det.

Innbetaling til:

Uskedal Utvikling

postboks 33

5463 Uskedalen

Konto nr.: 3460.07.52350

Styret